

# 2018

Statistikk over norske  
pengespel og lotteri

Annual statistics report from  
The Norwegian Gaming  
and Foundation Authority

## Norske pengespel 2018

Gaming in Norway



Lotteri- og  
stiftelsestilsynet

# Innhold

Føreord.....	2
1. Samandrag .....	3
2. Endring i omsetning .....	11
3. Norsk Tipping AS .....	13
4. Norsk Rikstoto.....	21
5. Digitale plattformer – Norsk Tipping og Norsk Rikstoto.....	24
6. Bingo.....	26
7. Andre lotteri .....	30
8. Spel på skip mellom norsk og utanlandsk hamn.....	34
9. English summary.....	35
10. Vedlegg.....	38

# 62 prosent av nettoomsetninga i 2018 vart inntekter for formåla

Totalt satsa nordmenn 46,5 milliardar på regulerte norske pengespel i løpet av 2018. Dette var 7 % meir enn året før. Auken kom mest på spela med høg gevinstprosent, for eksempel online kasinospel. Netto omsetning auka med 2 prosent gjennom året.

Etter gevinstutbetalingar blei det lagt igjen 10,5 milliardar på dei regulerte pengespela i 2018. Desse midlane blir fordelt mellom aktørane i marknaden og formåla som mottok inntekter frå spel. I 2018 mottok formåla 6,5 milliardar av netto omsetninga, eller 62 prosent.

Formåla sin del av netto omsetning aukar litt frå år til år. For ti år sidan, i 2008, var prosentdelen 55 til formåla.

I gjennomsnitt satsa kvar nordmann 8 763 kroner på regulerte pengespel i 2018, ein auke på 487 kroner samanlikna med året før. Når vi trekker ifrå gevinstane har kvar innbyggjar i snitt lagt igjen 1 973 kroner, noko som er 27 kroner meir enn året før. Det som er lagt igjen etter gevinstutbetaling utgjør 0,7 prosent av husstanden si disponible inntekt, og dette er uforandra samanlikna med 2017.

Gjennom 2018 har Norsk Rikstoto hatt reduksjon i omsetninga. Dette heng mellom anna saman med at 2018 var første året der alt spel hos fysiske kommisjonærer, i tillegg til spel over internett og mobil, skjedde registrert.

Med registrert spel har spelarane høve til å bruke hjelpemiddel som t.d. budsjett- og pauseverktøy for å lettare ha kontroll med eiga speling. Slike verktøy er tilgjengeleg for ein stor del av den norske regulerte spelemarknaden, og har betydning for korleis omsetninga i den norske marknaden utviklar seg.

*Førde, desember 2019*



**Gunn Merete Paulsen**  
direktør

# Samandrag

I den norske spel- og lotterimarknaden vart det i 2018 omsett for 46,5 milliardar kroner. Av dette gjekk 36,1 milliardar tilbake til spelarane i form av gevinstar.

Etter at spelarane hadde fått sine gevinstar, låg det igjen 10,5 milliardar kroner til fordeling blant aktørane, operatørar, entreprenørar, lokalinnehavarar, kommisjonærar forutan humanitære og samfunnsnyttige formål.

Rapporten omfattar pengespel og lotteri med løyve frå norske styresmakter. Her er ikkje med tal for omsetning på t.d. utanlandske nettstader eller ulovleg spel.

Når det gjeld metode for innsamling av data og utrekning av estimat, viser vi til vedlegg bak i rapporten.

## Den norske pengespelmarknaden – nøkkeltal 2018

År 2018	Millionar			
	NOK	EUR <sup>1</sup>		
Brutto omsetning (spelt for)	46 548	4 851		
Gevinst	36 068	3 759		
Netto omsetning (lagt igjen/tap)	10 480	1 092		

År 2018	Spelt for		Lagt igjen (etter gevinst)	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per innbyggjar <sup>2</sup>	8 763	913	1 973	206
Per innbyggjar 18 år og eldre	11 120	1 159	2 504	261
Per husstand <sup>3</sup>	19 016	1 982	4 281	446
Prosent av disponibel inntekt <sup>4</sup>	3,18 %		0,72 %	

I gjennomsnitt spelte kvar nordmann for 8 763 kroner i 2018. Dette er 487 kroner meir enn i 2017 då satsa beløp per innbyggjar var på 8 276 kroner.

Om vi trekkjer frå gevinstante vil kvar innbyggjar i 2018 ha lagt igjen 1 973 kroner. Av husstanden sine disponible inntekter utgjør dette 0,7 prosent. Beløpet som


er lagt igjen etter gevinstutbetaling er 27 kroner meir enn i 2017 (kr 1 946).

At satsa beløp har auka meir enn det som er lagt igjen, heng saman med at det vert spelt meir på spel med høg gevinstprosent.

1 Middelkurs 2018 frå Norges Bank 9,5962  
 2 Gjennomsnittleg folketal frå SSB, www.ssb.no 1/1-2018 og 1/1-2019.  
 3 Gjennomsnittleg tal personar i husstanden er 2,17 (SSB).  
 4 SSB: Disponibel inntekt 2018: 1 465 029 millionar kroner.

## Brutto omsetning i 2018

Den norske pengespelmarknaden - brutto omsetning 2018, totalt 46 548 millioner



I 2018 spelte nordmenn for 46,5 milliardar kroner. Det vart satsa 38,1 milliardar på Norsk Tipping sine spel, av dette 9,0 milliardar<sup>5</sup> på Multix- og Belago-spel og 13,9 milliardar på dei nettbaserte spela (kasinospel, bingo og skrapespel). På hestesport spelte nordmenn for vel 3,6 milliardar kroner gjennom Norsk Rikstoto.

Bingo og lotteri utgjer den private delen av marknaden. Bingo hadde ei omsetning på nær 3,8 milliardar, der entreprenørbingoen utgjorde størsteparten og 3,65 milliardar, inkludert sidespel i bingo (elektronisk<sup>6</sup> og papirsidespel). Omsetninga for bingo utan entreprenør vart 113 millionar kroner.

Blant dei andre lotterier er det samla sett dei fem største lotterier med lisens (etter § 7 i Lotterilova) som hadde størst omsetning, og saman med landslotterier utgjorde omsetninga 308 millionar. For mindre lokale og regionale lotteri<sup>7</sup> estimerer vi omsetninga til 160 millionar kroner. I NM i poker utgjorde deltakaravgifta 21 millionar.

I 2018 vart det spelt for 566 millionar på norske skip som går i rute mellom norske og utanlandske hamner.


Samla brutto omsetning var 43,7 milliardar kroner i 2017.

<sup>5</sup> 5 398 millionar kr på Multix og 3 631 millionar på Belago.

<sup>6</sup> Databingo.

<sup>7</sup> Mindre lotteri, såkalla basasar, er ikkje medrekna.

## Den norske pengespelmarknaden 2018, marknadsdelar av brutto omsetning



Målt etter brutto omsetning hadde Norsk Tipping og Norsk Rikstoto til saman 90 prosent av marknaden.

## Pengepremiar og gevinstar i 2018

Tal i millionar kroner	Brutto omsetning	Gevinst	Netto omsetning	Prosent gevinst
Norsk Tipping	38 122	29 980	8 142	79 %
Norsk Rikstoto	3 611	2 457	1 154	68 %
Bingo med entreprenør	3 648	2 952	696	81 %
Bingo utan entreprenør	113	64	49	56 %
Fem lotteri med lisens	163	59	104	36 %
Landslotteri	146	19	127	13 %
Lokale/regionale lotteri*	160	40	120	25 %
Poker-NM	21	18	3	85 %
Spel på skip	566	481	85	85 %
<b>Totalt</b>	<b>46 548</b>	<b>36 068</b>	<b>10 480</b>	<b>77 %</b>

\*) Omsetning for lokale/regionale lotteri er delvis estimert (sjå vedlegg).


Spelarane vann tilbake totalt 36,1 milliardar kroner av innsatsen på 46,5 milliardar.

I kronebeløp gjekk mest tilbake til spelarane frå Norsk Tipping, Norsk Rikstoto og entreprenørbingo. I prosent gjekk det mest tilbake frå spel på skip (85 %), Poker-NM (85 %), entreprenørbingo (81 %) og Norsk Tipping (79 %).

Einskilde lotteri bokfører ofte gevinstkostnad for varegevinstar og ikkje verdi på gevinst. Premien kan ha høgare verdi for vinnaren enn det som kjem fram i rekneskapan (m.a. pga. oppnådde rabattar ved kjøp av premiar eller ved at premiar er gitt som gåver).

## Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden i 2018

Den norske pengespelmarknaden 2018, marknadssdelar av netto omsetning



Målt etter netto omsetning hadde Norsk Tipping og Norsk Rikstoto til saman 89 prosent av marknaden i 2018.

## Fordeling til formål og administrative kostnader i 2018

Netto omsetning	Formål			Administrative kostnader	
	Mill. kr	Mill. kr	Prosent	Mill. kr	Prosent
Norsk Tipping	8 142	5 523	68 %	2 619	32 %
Norsk Rikstoto	1 154	538	47 %	616	53 %
Bingo med entreprenør	696	171	25 %	526	75 %
Bingo utan entreprenør	49	40	80 %	10	20 %
Fem lotteri med lisens	104	55	53 %	49	47 %
Landslotteri	127	56	44 %	72	56 %
Lokale/regionale lotteri *	120	110	92 %	10	8 %
Poker-NM	3	1	33 %	2	67 %
Spel på skip	85	17	20 %	68	80 %
<b>Totalt</b>	<b>10 480</b>	<b>6 509</b>	<b>62 %</b>	<b>3 971</b>	<b>38 %</b>

\*) Estimerte beløp

6,5 milliardar kroner gjekk som inntekt til formåla. Største del av inntektene (5,52 mrd.) kom frå Norsk Tipping sine spel. Her er det også ein forholdsvis stor prosentvis del til formåla av netto omsetning (68 %). Frå Norsk Rikstoto gjekk det 538 millionar til formåla.


Blant dei private spela gjekk det prosentvis mest til formåla frå mindre lokale lotteri og bingo utan entreprenør. For entreprenørbingo og spel på skip utgjorde formåla sine inntekter under 30 prosent av netto omsetninga.

Frå entreprenørbingo fekk formåla 171 millionar, eller 25 prosent av netto omsetning. Mange av formåla i entreprenørbingo får også inntekter frå Norsk Tipping sine Belago-terminalar. Dette er omtalt i kapittel 3 og 6.

Frå spel på norske skip i rute mellom norsk og utanlandsk hamn fekk formåla 17 millionar.

Den følgjande figuren viser kor mykje av formåla sine inntekter som kom frå dei ulike spel og lotteria.

### Den norske pengespelmarknaden 2018, formåla sine spel- og lotteriinntekter



Dei administrative kostnadene var 56 millionar mindre i 2018 enn dei var i 2017. Samstundes var netto omsetninga auka med 210 millionar. Formåla har fått 267 millionar meir i 2018 enn i 2017 då formåla fekk 6 243 millionar kroner.

Administrative kostnader<sup>8</sup> i 2018 utgjorde 3,97 milliardar kroner. Dette er operatør, entreprenør og eventuell tredjepart (t.d. lokaleigar og kommisjonær) sin del av inntektene.

Den største delen av kostnaden (2,62 mrd.) skriv seg frå Norsk Tipping, men prosentvis er kostnadsdelen forholdsvis låg her (32 %). Større kostnadsbeløp kom også frå Norsk Rikstoto sine spel (0,62 mrd.) og entreprenørbingo (0,53 mrd.).

8 Alle kostnader ved eit spel eller lotteri som ikkje er gevinstkostnad.



Kostnader til eventuell tredjepart for sal av spel kan vi synleggjere for Norsk Tipping og Norsk Rikstoto. For andre spel/lotteri har vi ikkje slike tal, men også her kan det vere slike utgifter, t.d. til telemarketing.

Netto omsetning i 2018 og kostnad til 3. part	Netto omsetning Mill. kr	Kostnader til kommisjonær, nettpartner eller lokalinnehavar Mill. kr	Prosent av netto omsetning
Norsk Tipping	8 142	708	9 %
Norsk Rikstoto	1 154	108	9 %
Totalt	9 296	816	9 %

Frå spela her gjekk det 816 millionar kroner til kommisjonærar, nettpartnerar eller lokalinnehavarar. Dette utgjør 9 % av netto omsetning.

## Formåla sine inntekter fordelt på kategoriar

Fordeling av spel- og lotteriinntekter 2018	Mill.kr	Prosent
Idrett	3 364	52 % *
Kultur (tippenøkkel)	805	12 %
Musikk/kultur/fritid	279	4 % *
Hest/hestesport	538	8 %
Helse	654	10 % *
Humanitær	600	9 % *
Diverse	62	1 % *
Uspesifisert og vil inngå i formål ovanfor	195	3 %
Tiltak vedk. uheldig speleåtfærd	15	0,2 %
Totalt	6 510	100 %

*\*) I tillegg får formåla delar av 195 millionar som i tabellen er uspesifisert (samla 3 %).*

Midlar frå Norsk Tipping blir gjennom tippennøkkelens tildelt gjennom ulike ordningar. Formåla er idrett, kultur, samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar samt helse- og rehabiliteringsformål.

Fordelinga er forankra i Pengespelova § 10. Av overskotet blir det først fordelt 6,4 % til helse- og rehabiliteringsformål.

Av tippennøkkelens og resterande overskot får deretter idretten si tildeling gjennom Kulturdepartementet med 64 % og kulturområdet får 18 %. Dei resterande 18 % går til samfunnsnyttige eller humanitære formål og blir betalt ut på to måtar: Tre beredskaps-organisasjonar

får ein fast prosentdel. Andre organisasjonar som fyller vilkår i forskrift om tilskot til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar kan søke Lotteritilsynet om tilskot.

Foreiningar med inntekter frå entreprenørbingo får også formålsandelen av Norsk Tipping sine Belagoterminalar.

Grasrotordninga og midlar til tiltak vedkomande uheldig speleåtfærd kjem også frå Norsk Tipping si speleomsetning, og er heller ikkje medrekna i tippennøkkelens.

**Idrett (3 364 millionar \*)**

Her inngår fordeling frå Norsk Tipping over tippenøkkel- len med 2 861 mill., 360 millionar frå grasrotordninga, 84 mill. frå entreprenørbingo, 33 millionar frå NT sine Belago-terminalar i bingolokale, 13 millionar frå spel på skip og 13 mill. frå landslotteri.

Idretten har også inntekt frå foreiningsbingo og lokale lotteri som ikkje er medrekna.

Inntekt frå bingo, lotteri og spel på skip er i mindre grad øyremerkte, og går i større grad til lokale lag som frie midlar (innanfor vedtaksfesta formål).

**Kultur og fritid (1 084 millionar \*)**

Også her er det store inntekter, men det meste til kulturformål kom frå Norsk Tipping. 805 millionar blei fordelt over tippenøkkel- len.

I tillegg er 279 millionar i inntekt frå andre typar spel, lotteri eller ordningar utan at lokale lotteri og bingo utan entreprenør er medrekna. Dette fordeler seg på grasrotmidlar (NT) med 167 mill., entreprenørbingo 42 mill., inntekt frå Belago med 17 millionar, spel på skip 2 mill., landslotteri 4 mill., og tildeling frå Lotteritilsynet på grunnlag av søknad 31 mill. I tillegg er her medrekna regjeringa si jubileumsgåve til DNT på 15 millionar der beløpet kom frå Norsk Tipping sitt overskot.

**Hest/hestesport (538 millionar)**

Dette er inntekter som i si heilheit kom frå Norsk Rikstoto.

**Helse (654 millionar \*)**

Her inngår organisasjonar som til dømes Kreftforen- ingen, Norges Blindforbund og Norges Handikapfor- bund og Stiftelsen Dam.

Stiftelsen Dam fekk 306 millionar frå Norsk Tipping via tippenøkkel- len, men i tillegg fekk andre helseorganisa- sjonar 237 millionar etter søknad til Lotteritilsynet. Vidare kom det 25 mill. frå landslotteri, 33 mill. frå entreprenørbingo, 14 millionar frå Belago, 37 millionar frå grasrotordninga (NT), 1 million frå Poker-NM og 0,1 million frå spel på skip.

Inntekt frå lokale lotteri og bingo utan entreprenør er ikkje medrekna.

**Humanitær 600 millionar \*)**

Dette er organisasjonar som t.d. Røde Kors, Rednings- selskapet, Norsk Folkehjelp, Flyktninghjelpen og Lions.

Inntektene kom frå Norsk Tipping med 431 millionar, større lotteri med lisens 53 mill, landslotteri med 10 mill., entreprenørbingo med 5 millionar og 2 millionar frå Belago. I tillegg er det rekna med 7 millionar frå Norsk Tippings grasrotmidlar, 92 millionar etter søknad til Lotteritilsynet og 0,6 million frå spel på skip.

Inntekt frå bingo utan entreprenør og lokale lotteri er ikkje medrekna.

**Diverse organisasjonar (62 millionar \*)**

Her inngår religiøse organisasjonar, politiske parti eller andre organisasjonar som ikkje kan plasserast i gruppene framfor.

Inntektene kom frå større lotteri med lisens (2 mill), frå entreprenørbingo (6 mill.), 3 millionar frå Belago, landslotteri (4 mill.), grasrotmidlar (NT) (32 mill.), spel på skip (1 mill.)


**Tiltak vedkommande uheldig speleåtfærd (15 millionar)**

Dette kjem frå Norsk Tipping sitt overskot og bidreg til finansiering av regjeringa sin handlingsplan mot speleproblem. Dei overordna målsettingane i handlingsplanen er å førebygge speleavhengigheit og redusere skadeverknadane frå overdriven speling.

**Uspesifiserte inntekter (195 millionar)**

Dette er estimert inntekt frå bingo utan entreprenør (40 mill.), lokale/regionale lotteri (110 mill.) og grasrot- midlar (45 mill.). Vi har ikkje datagrunnlag til å fordele desse inntektene på formåla ovanfor, men 29 millionar av dette er inntekt frå bingo for lokalradio og – TV.

## Den norske pengespelmarknaden år 2018, inntekt til formål fordelt på ulike kategoriar



Totalt 6,5 mrd. kr

## Endring frå år 2017

Formåla fekk for 2018 tilført 267 millionar meir enn året før.

Fordeling av spel- og lotteriinntekter	2017 Mill. kr	2018 Mill. kr	Endring Mill. kr	Endring Prosent
Idrett	3 234	3 364	130	4 %
Kultur	794	805	10	1 %
Musikk/kultur/fritid	209	279	70	34 %
Hest/hestesport	575	538	-37	-7 %
Helse	592	654	62	11 %
Humanitær	583	600	17	3 %
Diverse	84	62	-22	-26 %
Uspesifisert og vil inngå i formål ovanfor	158	195	36	23 %
Tiltak vedk. speleavhengigheit	15	15	0	0 %
<b>Totalt</b>	<b>6 243</b>	<b>6 510</b>	<b>267</b>	<b>4 %</b>

# Endring i omsetning

## Den norske pengespelmarknaden totalt

Tal i millionar kroner	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	Endring 2017 - 2018
Brutto omsetning (spelt for)	28 660	30 915	35 852	38 490	40 709	43 671	46 548	7 %
Netto omsetning (lagt igjen / tap)	9 067	9 012	9 288	9 752	10 143	10 270	10 480	2 %

Omsetninga er auka med 7 % for brutto og 2 % for netto.

Norsk Tipping <sup>9</sup>								Endring
Tal i millionar kroner	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2017 - 2018
Brutto omsetning	19 245	21 641	26 911	29 742	32 029	34 916	38 122	9 %
Netto omsetning	6 302	6 361	6 727	7 234	7 680	7 835	8 142	4 %

Brutto omsetning i 2018 auka med 9 % samanlikna med året før. Netto omsetning (etter premie-utbetaling) auka med 4 %. Forskjell i auken skuldast omsetningsauke i spel med høg gevinstprosent, som t.d. online kasino.

Norsk Rikstoto								Endring
Tal i millionar kroner	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2017 - 2018
Brutto omsetning	3 879	3 775	3 649	3 728	3 881	3 894	3 611	- 7 %
Netto omsetning	1 267	1 224	1 183	1 199	1 244	1 242	1 154	- 7 %

Norsk Rikstoto si omsetning i 2018 er redusert med 7 % samanlikna med 2017.

Entreprenørbingo								Endring
Tal i millionar kroner	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2017 - 2018
Brutto omsetning	4 538	4 502	4 332	4 078	3 836	3 737	3 648	- 2 %
Netto omsetning	1 016	957	925	868	757	726	696	- 4 %

Omsetning i entreprenørbingo er redusert gjennom 2018, og 4 % for netto omsetning.

Landslotteri og fem lotteri med lisens								Endring
Tal i millionar kroner	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2017 - 2018
Brutto omsetning	292	288	272	269	283	292	308	6 %
Netto omsetning	241	236	222	219	225	230	231	0 %

Landslotterier, og fem lotteri med løyve etter § 7 (Pantelotteriet, Postkodelotteriet, Unicef-lotteriet, FotoLotto og Norgeslotteriet) har til saman 6 % auke målt etter brutto omsetning. For netto omsetning er der tilnærma inga endring. Sjå kap 7 for detaljar om lotterier.

<sup>9</sup> Fram til 2015 var spelet Extra presentert for seg. Extra er frå 2016 ein del av Norsk Tipping sin ordinære spelportefølje. Omsetningstal for Extra er her medrekna i tal frå 2011 til og med 2015.

## Andre spel/lotteri

### Poker-NM

Tal i millionar kroner	2015	2016	2017	2018
Brutto omsetning	16	19	17	21
Netto omsetning	2	3	3	3

Poker-NM vart arrangert for første gang i Norge i 2015. Deltakaravgift i 2018 vart totalt 21 millionar kroner. Dette utgjer ein auke på 22 % frå 2017.

Omsetning for bingo utan entreprenør er rapporterte tall i Lotteriregisteret. Omsetning for lokale/regionale lotteri er estimert av Lotteritilsynet.

Bingo utan entreprenør	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Tal løyve:	350	340	260	250	250	240	240
Lotteritilsynet Omsetning <sup>10</sup> (brutto omsetning, tal i millionar)	145	140	115	116	116	118	113

Totalt syner tal dei siste åra frå Lotteriregisteret stabilt tal på lag som arrangerer bingo utan entreprenør. Omsetninga er og stabil.

Lokale/regionale lotteri	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Tal meldingar motteke	2 350	2 210	2 250	2 300	2 380	2 600	2 610
Tal løyve gitt	80	70	70	60	60	68	68
Estimert omsetning <sup>11</sup> (brutto oms. tal i mill.)	130	110	120	130	150	140	160

Frå tal meldingar, løyve og rekneskap har vi estimert ein viss auke i omsetning for 2018. Vi har registrert om lag like mange lotteri som i 2017.

Spel på skip								Endring
Tal i millionar kroner	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2017 - 2018
Brutto omsetning	431	459	453	412	395	557 <sup>12</sup>	566	2 %
Netto omsetning	86	90	87	80	77	74	85	15 %

Netto omsetning auka med 15 % samanlikna 2017.


10 Estimert omsetning til og med 2014, reelle tall frå 2015.

11 Estimert omsetning avrunda til 10 mill. (sjå vedlegg for berekningsmåte).

12 Frå 2017 blir brutto omsetning rapport på anna måte enn tidlegare. Difor er ikkje brutto omsetning til og med 2016 samanliknbar med seinare omsetning.

Norsk Tipping AS (NT) har fleire spel i sin portefølje. Samla brutto omsetning (før gevinstutbetaling) var i overkant av 38 milliardar kroner i 2018.

Brutto omsetning Norsk Tipping AS år 2018, total 38 122 millionar kroner



Brutto omsetning fordelt på type spel		Mill. kr	Prosent
Talspel:	Lotto, Viking Lotto, Joker, Eurojackpot, Keno, Nabolaget og Extra	10 521	28 %
Sportsspel:	Tipping	531	1 %
	Odds <sup>13</sup>	1 759	5 %
	Liveodds <sup>14</sup>	1 266	3 %
Skrapelodd:	Flax (papir)	1 121	3 %
Terminalspel:	Multix og Belago	9 029	24 %
Instaspill:	Online - Flax, Bingoria og KongKasino	13 895	36 %
Total brutto omsetning		38 122	100 %

<sup>13</sup> Her inngår Langoddsen og Oddsbomben.

<sup>14</sup> Liveodds og Instaspill kan berre spelast online (web og mobil).

Omsetning og gevinst - i millionar kroner	Talspel	Sports- spel	Skrape- lodd (papir)	Terminalspel (Multix og Belago) <sup>15</sup>	Instaspill	Totalt
Total brutto omsetning	10 521	3 556	1 121	9 029	13 895	38 122
Totalt til gevinst	5 307	2 650	625	8 337	13 060	29 980
Total netto omsetning	5 214	906	496	692	835	8 142
Gevinstprosent	50 %	75 %	56 %	92 %	94 %	79 %

Totalt gjekk 79 prosent tilbake til spelar som gevinst. 21 prosent gjekk til fordeling mellom Norsk Tipping, kommisjonærar og formål.

Lågast gevinstdel har talspel og skrapelodd med høvesvis 50 og 56 prosent.

Sportsspel har ein samla gevinstdel på 75 prosent der Liveoddsen har høgaste prosent (83 %). Dei andre oddsspela hadde ein samla gevinstdel på 74 prosent<sup>16</sup>. For den tradisjonelle tippekupongen er gevinstprosenten 54.

Høgaste gevinstprosent har terminalspela med 92 prosent og Instaspill med 94 prosent.

Ein kan delta i Norsk Tipping sine spel via kommisjonær i butikk / kiosk eller via Internett og mobil. Talet på kommisjonærar var 3 727 den 31. desember 2018.

Det meste av brutto omsetning gjekk via internett og mobil, og totalt 22 305 millionar kroner. 2 962 mill. vart satsa på sportsspel og 5 448 mill. på talspel (som Lotto og Extra). For Instaspill, der det berre kan spelast over Internett og mobil, blei det satsa totalt 13 895 millionar kroner. Gjennom kommisjonærnettlet gjekk det 6 788 mill.<sup>17</sup> på talspel, sportsspel og skrapelodd, og i tillegg 9 029 mill. på spel på terminalar (Multix og Belago).

<sup>15</sup> Multix: Brutto 5 398 mill. og netto 417 mill. Belago: Brutto 3 631 mill og netto 275 mill.

<sup>16</sup> Langoddsen 75 %. Oddsbomben har fast gevinstprosent på 60 %.

<sup>17</sup> Av dette utgjer *Spill i kasse* 375 millionar. Dette er ferdig utfylte spelekupongar (talspel) som blir selt over disk i daglegvareforretningar.

## Netto omsetning og fordeling på aktørane

Etter gevinstutbetaling var netto omsetning 8 142 millionar kroner.

Fordeling av netto omsetning	Mill. kr	Prosent
Til formål	5 523,3	68 %
Til Norsk Tipping AS	1 910,7	23 %
Til kommisjonær (inkl. nettpartnerar <sup>18</sup> )	708,2	9 %
Sum = netto omsetning	8 142,2	100 %

Til formåla gjekk det 5 523 millionar kroner eller 68 prosent av netto omsetning. I 2017 var prosenten til formål 67, som då utgjorde 5 251 millionar.

Frå 2018 - overskotet vart 4 777 millionar utbetalt over tippenøkkelen. Det er i tillegg rekna med 69 mill. frå Belago-terminalane som formålsinntekt i bingo,

648 millionar kroner til mottakarar under ordninga med Grasrotandelen. I beløpet inngår også 15 mill. til tiltak vedkomande uheldig speleåtferd og 15 mill. til regjeringa si gåve til DNT<sup>19</sup> sitt jubileum.

Det meste av overskotet frå Norsk Tipping si omsetning i 2018 blir utbetalt til formål i 2019.

Andre nøkkeltal for Norsk Tipping	Mill. kr
NT sin inntekt frå spel	1 911
NT sine samla netto kostnader <sup>20</sup>	1 911
Midlar som er haldne tilbake i NT	0

<sup>18</sup> Beløpet er ikkje heilt samanliknbart med tidlegare år. Tidlegare har beløpet også omfatta provisjon til spel- og systemleverandørar.

<sup>19</sup> Samla netto kostnader: Alle kostnader, men utan provisjon. Korrigerert for netto inntekt av finansielle postar og andre inntekter/kostnader som ikkje er spesifikt relaterte til Norsk Tipping sine spel. Grasrotandel er ikkje rekna med her.

<sup>20</sup> <https://2018.norsk-tipping.no/formell-rapport/årsberetning/>



## Fordeling til overskotsformål – Tippenøkkelen<sup>21</sup>

Frå fordeling frå 2018 - overskotet gjekk kroner 2 861,5 millionar til idrettsformål. 804,8 mill. til kulturformål<sup>22</sup> og 804,8 mill. til samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar. Kroner 305,7 millionar gjekk til helse- og rehabiliteringsformål (Stiftelsen Dam<sup>23</sup>).

Blant kulturformål fekk Den kulturelle skolesekken 288 mill., Kulturbygg 56 mill. og Frifondordningen 199 mill.


Fordelinga til idretten er synleggjort i tabellen under.<sup>24</sup>

### Tal i millionar kroner

Idrettsanlegg	1 589,3
Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité	716,0
Tilskot til lokale lag og foreiningar	372,0
Spesielle aktivitetar	123,6
Forskings- og utviklingsarbeid	33,7
Nasjonalanlegg /spesielle anlegg	26,9
Totalt	2 861,5

Mykje av idretten sine spelemidlar gjekk til idrettsanlegg og til Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (hhv. 56 % og 25 %). Diagrammet under viser prosentvis fordeling.

### Prosentvis fordeling av idretten sine spelemidlar år 2018



21 Kulturdepartementet: Prop. 1 S (2019-2020) «Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)», side 149 til 155.

22 I tillegg er Kulturdepartementet gitt fullmakt til å disponere opptente renter av innestående midlar til kulturformål og til å omfordele ikkje utbetalte midlar frå tidlegare år.

23 Skifta namn frå ExtraStiftelsen 25. september 2019.

24 Pressemelding frå Kulturdepartementet 10. mai 2019, beløp er avrunda.

Totalt fekk samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar 804,8 millionar kroner.<sup>25</sup>

Midlane blir fordelt etter forskrift om tilskot til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar frå speloverskotet til Norsk Tipping.

Beredskapsorganisasjonane Norges Røde Kors, Redningsselskapet og Norsk Folkehjelp får tildelt ein fast prosentdel basert på tilskot dei mottok i 2015. Andre organisasjonar som fyller krava i forskrifta kan søke om tilskot frå resten av beløpet til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar. Det er ei minstegrense for å kunne delta i ordninga på 10 millionar kroner i søknadsgrunnlag.

<b>Fordeling av speleoverskotet til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar i 2019</b>	<b>Frå Norsk Tipping sitt overskot 2018</b>
Norges Røde Kors	254,3 mill
Redningsselskapet	156,9 mill
Norsk Folkehjelp	19,3 mill
Tilskot som blir fordelt til øvrige organisasjonar etter søknad	374,2 mill
<b>Totalt</b>	<b>804,8 mill</b>

40 organisasjonar<sup>26</sup> har etter søknad fått tildelt 374 millionar kroner.

	<b>Tal organisasjonar</b>	<b>Totalt tildelt</b>
Helse	29	237,5 mill
Musikk/kultur/fritid	3	30,9 mill
Humanitær	4	91,8 mill
Diverse	4	14,0 mill
<b>Totalt</b>	<b>40</b>	<b>374,2 mill</b>

25 Frå: Kulturdepartementet: Prop. 1 S (2019-2020) «Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)», side 155.

26 Sjå vedlegg for namn på organisasjonane og fordeling.

## Grasrotandelen

Frå Norsk Tipping si speleomsetning i 2018 har det gått 649 millionar<sup>27</sup> til i overkant av 30 800 lokale lag og foreiningar. Inntil 7 prosent av innsatsen som blei satsa i spel i 2018 kunne gå til foreiningar som Norsk Tipping sine spelarar sjølve bestemmer at pengane skal gå til. Ein føresetnad for å få midlar frå ordninga er at laget er registrert i Frivillighetsregisteret, og at spelar har registrert eit lag som mottakar av grasrotmidlar.

Kategori i Frivillighetsregisteret (ICNPO)	Lotteritilsynet si kategorisering	Utbetalte grasrotmidlar i 2018 – kroner	Tal foreiningar
Idrett	Idrett	360 079 896	8 886
Kultur og kunst	Musikk/kultur/fritid	64 301 362	6 154
Rekreasjon og sosiale foreiningar	Musikk/kultur/fritid	59 018 334	6 114
Interesseorganisasjonar	Helse	36 917 535	2 541
Sosiale tenester	- fleire kategoriar	25 597 528	938
Dyrevern	Diverse	25 440 758	118
Barne- og ungdomsorganisasjonar	Musikk/kultur/fritid	21 063 350	1 441
Lokalsamfunnsutvikling	Musikk/kultur/fritid	21 942 428	2 356
Andre helsetenester	- fleire kategoriar	9 835 707	453
Internasjonale aktiviteter	Humanitær	5 958 360	238
Tros- og livssynsorganisasjonar	Diverse	3 852 623	545
Krisehjelp og støttarbeid	- fleire kategoriar	4 165 853	182
Økonomisk og materiell støtte	- fleire kategoriar	2 863 928	134
Mangfald og inkludering	- fleire kategoriar	2 466 268	237
Pengeutdelande stiftelsar	Humanitær	1 522 797	10
Natur- og miljøvern	Diverse	1 459 869	193
Frivillighetsentraler	Musikk/kultur/fritid	1 141 242	92
Andre	Diverse	443 653	19
Politiske organisasjonar	Diverse	361 354	72
Bustad - og lokalmiljø	Diverse	216 803	36
Forsking og utvikling	Diverse	66 505	6
Grunn og vidaregåande utdanning	Diverse	39 971	5
Sjukehus og rehabilitering	Helse	76 190	5
Annen utdanning	Diverse	94 400	12
Juridisk rådgiving	Diverse	31 081	3
Yrkessamanslutningar	Diverse	18 344	9
Arbeidsopplæring	Diverse	20 743	1
Sjukeheimar	Helse	10 567	2
Arbeidstakarorganisasjonar	Diverse	421	4
Høgskule og universitet	Diverse	50	1
<b>Totalt</b>		<b>649 007 920</b>	<b>30 807</b>

27 På grunn av periodisering av opptening og utbetaling er det betalt ut ein mindre del som skriv seg frå tidlegare omsetning. Mellom anna mottek ikkje organisasjonar midlar før opptent beløp har nådd ein viss storleik.

I høve til Lotteritilsynet si kategorisering av formål kan fordelinga visast slik:

Grasrotandel 2018	Millionar	Prosent
Idrett	360	55 %
Helse	37	6 %
Musikk/kultur/fritid	167	26 %
Humanitær	7	1 %
Diverse	32	5 %
Fleire kategoriar (oftast Humanitær eller Helse)	45	7 %
<b>Totalt</b>	<b>649</b>	<b>100 %</b>

Største delen av grasrotmidlane, 55 prosent, har i 2018 gått til idrettslag. Også organisasjonar innan Musikk/kultur/fritid har fått ein forholdsvis stor del. Helse - og humanitære organisasjonar inngår ofte i gruppa som her er nemnt som *Fleire kategoriar*. Dermed er deira del av ordninga noko større enn det som kjem fram blant dei fem første kategoriane.

## Formålsinntekter frå Belago

Overskotet frå Belago-terminalar går til lag og foreiningar som er formålsmottakarar i dei bingo-hallane der terminalane er utplassert.

For 2018 gjekk det frå desse terminalane 68,7 millionar til formål. Mottakarane av overskotet får ein fast prosent av netto omsetning på Belago-terminalane (25 % av 275 millionar i 2018). Beløpet blir betalt ut gjennom bingoentreprenørane. Basert på kategorisering av ICNPO koder<sup>28</sup> (som for grasrotandelen) viser Lotteritilsynet korleis dette fordeler ser på fem kategoriar av lag og foreiningar.

Belago	Millionar
Idrett	32,5
Helse	14,3
Musikk/kultur/fritid	17,3
Humanitær	2,0
Diverse	2,6
<b>Totalt</b>	<b>68,7</b>

28 171 lag og foreiningar med totalt 3,0 millionar i inntekt frå Belago er ikkje registrert med ICNPO kode, også desse er her fordelt på dei fem kategoriane.

## Stiftelsen Dam

Stiftelsen Dam fekk 306 millionar frå tippenøkkelen og Norsk Tipping sitt overskot for 2018. Tidlegare var stiftelsen sitt namn Extrastiftelsen.


## Fordeling til formål frå Stiftelsen Dam

Stiftelsen Dam fordeler overskotet frå Norsk Tipping til ei rekkje organisasjonar. Frivillige helseorganisasjonar kan søkje om midlar. Midlar blir fordelt til prosjekt vurdert ut frå faglege kvalitetskrav og relevans i høve til stiftelsen sine retningslinjer. Frå speleoverskotet i 2018 delte stiftelsen ut 271,1 millionar. Her inngår også stiftelsen si ordning kalla Ekspress, der stiftelsen sine medlemsorganisasjonar har motteke 12,1 millionar kroner. Fordelinga skjedde i 2019.

Fordeling til formål <sup>29</sup>	Mill. kr	Prosent
Helse	144,3	64 %
Forsking	82,4	36 %
Sum	226,7	100 %
Ekspress	12,1	
Adm.tilskot til mottakarorganisasjon	32,4	
Totalt	271,1	

Diagrammet under viser korleis prosjektmidlane som stiftelsen delte ut frå 2018-overskotet til helse og forsking fordeler seg på helseområde.

### Prosjektmidlar frå Stiftelsen Damfordelt på helseområde




Totalt 227 millionar kroner

<sup>29</sup> Helse: Ordning med to utlysingar per år. Forsking: Ordning med ei utlysing per år.  
Ekspress: Ei ordning for stiftelsen sine medlemsorganisasjonar der det kan tildelast opptil kr 30 000, per søknad.  
To utlysingar per år.

Norsk Rikstoto har fleire spel der det blir spelt på hest. Samla omsetning før gevinstutbetaling var 3,6 milliardar kroner i år 2018.

Brutto omsetning Norsk Rikstoto sine spel år 2018, totalt 3 611 millionar kroner



Omsetning og gevinst	Mill. kr	Prosent
Total brutto omsetning	3 610,7	100 %
Totalt til gevinst	2 456,9	68 %
Total netto omsetning	1 153,8	32 %

Om lag to tredjedelar av totalomsetninga gjekk tilbake til spelarane som gevinst, og ein tredjedel vart fordelt på operatør, kommisjonærar og formål.

Norsk Rikstoto sine spel kan spelast hos kommisjonærar, på baner eller via Internett. Talet på kommisjonærar med terminalar er redusert gjennom 2018, frå 1 670 (1. jan. 2018) til 1 606 (31. des. 2018). I Norge er det 12 trav- og galoppbaner, men det kan også spelast på løp i andre land.

35 prosent av omsetninga gjekk gjennom kommisjonærar over disk. Omsetning på baner utgjorde 3 prosent, medan Internett utgjorde 62 prosent. I 2017 utgjorde omsetninga over Internett 49 prosent.

Brutto omsetning i salskanalar	Mill. kr	Prosent
Kommisjonær (ikkje over Internett)	1 262,2	35,0 %
Baner	108,2	3,0 %
Internett/Mobil	2 240,3	62,0 %
Totalt	3 610,7	100,0 %

## Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden

Etter utbetaling av gevinstar, var det 1 154 millionar kroner til fordeling mellom aktørane.

Fordeling av netto omsetning	Mill. kr	Prosent
Til formål	537,5	47 %
Avgift til staten	133,6	12 %
Til operatør (Rikstoto)	375,0	33 %
Til kommisjonær	107,7	9 %
Sum = netto omsetning	1 153,8	100 %

Til formåla gjekk det 538 millionar kroner eller 47 prosent av netto omsetning. I 2017 var prosenten til formål 46, som då utgjorde 575 millionar.

Fordeling til formål	Mill. kr
Løps- og oppdrettspremiar	242,0
Transporttilskot	2,9
Norsk Hestesenter	28,9
Det Norske Travelskap	57,5
Norsk Jockeyklubb	26,9
Bidrag avskrivning finans	9,0
Provisjon driftsselskap (banene)	170,3
Totalt	537,5

## Forklaring til dei ulike formåla

**Løps- og oppdrettspremiar:** Dette er løpspremiar utbetalt til hesteeigarar i storløp og ordinære løp arrangert av banene. Her inngår også premiar til oppdrettarar med 22,9 millionar.

**Norsk Hestesenter** på Starum mottar driftstilskot frå Norsk Rikstoto. Norsk Hestesenter skal ta vare på og vidareutvikle hestenæringa, og sjå til at det finst kvalifiserte og kompetente yrkesutøvarar.

**Transporttilskot** blir overført til DNT som betalar ut støtte til aktive for transport av hestar til løpsbaner.


**Det Norske Travelskap (DNT)** skal ivareta dei sportslege aktivitetane innan travsporten. DNT får driftstilsko frå Norsk Rikstoto.

**Norsk Jockeyklubb (NJ)** skal ivareta dei sportslege aktivitetane i galoppporten. NJ får driftstilskot frå Norsk Rikstoto.

**Bidrag avskrivning finans** er finansiell støtte som Norsk Rikstoto gir til DS (totalisatorbanene). Dette er støtte som kjem i tillegg til provisjon av omsetning i totalisatorbanene sine regionar.

**Provisjon driftsselskap (DS)** blir utrekna etter omsetning i regionen til det einskilde DS. Inntekt skal dekkje drift på den einskilde løpsbane.

Prosentvis fordeling av formålsmidlar frå Norsk Rikstoto 2018, totalt kr 538 millionar



## Statsavgift

Avgift til staten var kroner 133,6 millionar i 2018. Dette utgjer 12 % av netto omsetning og 3,7 % av brutto omsetning.

## Rikstoto og kommisjonærane

Kommisjonærar fekk 107,7 mill. eller 9 prosent av samla netto omsetning. I tillegg til godtgjersle til dei tradisjonelle kommisjonærane som tilbyr spel over disk, inngår her også godtgjersle til eksterne nettkommisjonærar. Nettkommisjonærar tilbyr Norsk Rikstoto sine spel frå deira egne nettsider.

Andre nøkkeltal for Norsk Rikstoto	Mill. kr
RT sine inntekter frå hestespel	321,4
Andre inntekter	53,9
Samla kostnader <sup>30</sup>	416,6
Årsresultat	-41,3

Årsresultatet for Norsk Rikstoto vart eit underskot på 41,7 millionar i 2018. I 2017 var resultatet eit overskotet 0,2 million.

<sup>30</sup> Avsetning MVA-krav (kroner 37 millionar) inngår i beløpet for samla kostnader.



# 5.

## Digitale plattformer - Norsk Tipping og Norsk Rikstoto

Norsk Tipping AS og Norsk Rikstoto tilbyr spel over Internett der ein kan spele frå PC, nettbrett og mobiltelefon. For dei fleste spel er det innsats og eventuell gevinst som blir overført via Internett, og spela er då dei same som om ein går til tradisjonell kommisjonær eller på løpsbaner. Spel i kategoriane KongKasino, Bingoria og online skrapespel hos Norsk Tipping samt Liveodds kan berre spelast over Internett eller mobil.

Spelar opprettar ein spelekonto. Til denne vert det overført pengar frå spelars bankkort eller gevinstar frå spel. Frå spelekontoen kan spelar bruke pengar som innsats i spel, eller overføre gevinstar til eigen bankkonto.


Norsk Tipping lanserte i 2014 nye nettbaserte spel. Spela fell hovudsakleg inn i 3 ulike typar spel under

felleskategorien Instaspill: KongKasino, eFlax (elektroniske skrapelodd) og Bingoria. Desse spela hadde i 2018 ei netto omsetning på 835 millionar kroner etter fråtrekk av gevinstar. Brutto omsetning for dei same spela var 13 895 millionar kroner.

På Internett og mobil hadde Instaspill dermed større bruttoomsetning enn dei andre spela til Norsk Tipping til saman. Totalt bruttoomsetning (satsa beløp) for Instaspill bidreg til den store veksten frå 2013 til 2018. Netto omsetning eller det som blir lagt igjen/tapt etter gevinstutbetaling har ikkje endra seg tilsvarande. På grunn av høg gevinstprosent utgjer netto omsetning frå Instaspill grovt sett berre om lag ein femtepart av den nettoomsetninga som Norsk Tipping fekk frå spel over internett og mobil i 2018.

Digitale plattformer - brutto omsetning (mill. kr)	2014	2015	2016	2017	2018	Endring frå 2017	
Norsk Tipping	8 672	11 247	13 992	17 837	22 305	4 468	25 %
Norsk Rikstoto	1 446	1 587	1 803	1 914	2 240	326	17 %
Totalt	10 119	12 833	15 796	19 751	24 545	4 794	24 %

## Brutto omsetning - spel på digitale plattformer 2008 - 2018, 24 545 millionar kroner i 2018



Dette var brutto omsetning på dei godkjende norske pengespela. I tillegg har ein god del nordmenn spelt på utanlandske nettspel.

På bakgrunn av spørjeundersøkingar som Sentio Research Norge AS gjennomførte for Lotteritilsynet i 2018<sup>31</sup>, og tal frå den norske marknaden, har vi tidlegare presentert anslag for spel på Internett for 2018.

Frå undersøkingane har 20 prosent av nordmenn over 18 år brukt Internett til pengespel (både på norske og utanlandske nettstader). I 2018 utgjorde dette 840 000

nordmenn over 18 år. Om lag 4 % svarte at dei hadde spelt på utanlandske nettstader. Lotteritilsynet reknar ikkje med at spørjeundersøkingane fangar opp alle som spelar, men meir dei som spelar ofte og regelmessig enn dei som spelar sjeldan og sporadisk.

For 2018 anslår Lotteritilsynet at nordmenn etter gevinstutbetaling la igjen mellom 1 800 og 2 200 millionar kroner på utanlandske nettstadar. Merk at dette beløpet er netto omsetning og ikkje kan samanliknast med tala i tabellen over som viser brutto omsetning i den regulerte marknaden.

31 Kvartalsvise målingar gjort i 2018 (totalt 4 000 spurde over 18 år).

Bingo deler vi i to typar:

*Bingo med entreprenør* der entreprenør står for drifta medan lag og foreningar får overskotet, og *bingo utan entreprenør* der lag og foreningar sjølve står for drifta.

## Bingo med entreprenør

Dette er arrangement der profesjonelle entreprenørar driv bingo i egne lokale, og overfører overskot frå spel til ulike lag og organisasjonar.

Oversikten nedanfor er basert på rapporterte data i Lotteriregisteret med informasjon om 53 bingoentreprenørar som til saman dreiv 239 bingolokale per 31. desember 2018. Talet på entreprenørar er redusert med tre, og talet på lokale er auka med tre sidan 2017.

## Bingo med entreprenør - nøkkeltal år 2018

Brutto omsetning sidespel er inkludert	3 648 mill kr
Gevinst	2 952 mill kr
Netto omsetning	696 mill kr
administrativ kostnad	526 mill kr
overskot til formåla <sup>32</sup>	171 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	5 %
Formåla sin del av netto omsetning	25 %
Gevinstprosent	81 %

Entreprenørbingo omsette for nær 3,65 milliardar kroner i år 2018. Til lag og organisasjonar vart det overført 171 millionar kroner eller 5 prosent av brutto omsetning. Gevinstdel er 81 prosent og formåla sin del av netto omsetning er 25 prosent.

Samanlikna med 2017 er omsetninga noko redusert. Brutto omsetning i 2017 var 3 737 millionar kroner, og netto omsetning var 726 millionar kroner.

Formåla har i 2018 fått noko mindre inntekt frå bingo enn i 2017. Reduksjonen utgjorde 4 millionar. Dei fleste

formåla hos bingoentreprenørar har i tillegg inntekt frå Belago der inntektene har auka litt. Totalt er formålets inntekter redusert med om lag 1 million.

Norsk Tipping sine Belago-terminalar er utplassert i bingolokale, og formålsinntektene går til same formål som har inntekt frå dei andre spela i bingolokalet. I 2018 fekk formåla 69 millionar kroner frå Belago, ein auke på 3 millionar kroner frå 2017.

<sup>32</sup> Etter at entreprenørar sine utlegg for organisasjonane sine gebyr er trekte i frå (totalt 5 millionar).

## Bingo med entreprenør – nøkkeltal år 2018

Tal i millionar kroner	Brutto-omsetn.	Gevinst	Gevinstprosent	Netto-omsetn.	Til formål	% til formål av nettoomsetning
Hovudspel	1 071	793	74 %	278	47	17 %
Sidespel:						
- databingo	2 576	2 158	84 %	419	124	30 %
- papirsidespel	0,5	0,3	65 %	0,2	0,1	30 %
<b>Totalt</b>	<b>3 648</b>	<b>2 952</b>	<b>81 %</b>	<b>696</b>	<b>171</b>	<b>25 %</b>

For hovudspel har netto omsetning hatt ein reduksjon frå 2017 då den var oppgitt til 297 millionar kroner. Netto omsetning for sidespel er redusert frå 429 millionar i 2017. Totalt sett er netto omsetning redusert med 30 millionar samanlikna med 2017.

81 prosent av omsetninga i entreprenørbingo gjekk tilbake til spelarar som gevinstar. Høgast gevinstprosent har databingo med 84 prosent.

Lag og foreiningar fekk totalt 171 millionar kroner i inntekt frå entreprenørbingo utan at Belago er rekna med. 73 prosent av desse inntektene kom frå sidespela, og nesten utelukkande frå databingo (124 millionar kroner).

Bingoentreprenørane har rapportert at dei spelte for 3 346 lag og foreiningar i år 2018. Dette er ein auke på 67 lag samanlikna med 2017 då talet var 3 279 lag.


Mange lag og organisasjonar som har inntekt frå bingospel får også inntekt frå Norsk Tippings Belago-terminalar som er utplassert i bingohallar. For 2018 vart det gjennom bingoentreprenørane fordelt nær 69 millionar kroner.

Siste kvartal i 2018 var det totalt utplassert 1 647 Belago-terminalar i 213 bingohallar. Bingoentreprenørane har rapportert at dei har fordelt inntekt frå Belago til 3 203 lag og foreiningar.

Med unntak av eitt lokale stod det ved utgangen av året databingo-terminalar i alle bingohallane, og vi reknar med at det var utplassert mellom 6 000 og 7 000 terminalar.

Formål	Bingoinntekter	Belagoinntekter <sup>34</sup>	Totalt	
	(hovud - og sidespel) <sup>33</sup>		Mill.	Prosent
Idrett	84	33	116	49 %
Helse	33	14	48	20 %
Musikk/kultur/fritid	42	17	60	25 %
Humanitær	5	2	7	3 %
Diverse	6	3	9	4 %
Totalt	171	69	239	100 %

Inntekt til formåla i 2018 medrekna Belago, totalt 239 millionar kroner



Idretten fekk ein forholdsvis stor del av overskotet, 116 millionar kroner når Belago blir medrekna. Blant andre kategoriar er det foreningar innan helse samt musikk, kultur og fritid som hadde størst inntekt med høvesvis 48 og 60 millionar kroner.

33 176 lag og foreningar med totalt 7,7 millionar i inntekt frå bingo er ikkje registrert med ICNPO kode eller har kode som omfattar fleire kategoriar; og desse er her fordelt på dei fem kategoriane.

34 Formålsinntekter frå Belago er vist her, men inngår elles i rapporten som formål frå Norsk Tipping sine spel.

## Bingo utan entreprenør

Dei fleste bingoane her er omtalt som *foreinings- eller bygdebingoar*. I tillegg inngår bingo gjennom lokalradio og lokalfjernsyn.

Nøkkeltal er henta frå Lotteriregisteret og mottekne bingorekneskap for 2018.

I 2018 vart det gitt 173 løyve til vanleg foreiningsbingo og 63 løyve til radio- /TV-bingo.

## Bingo utan entreprenør - nøkkeltal år 2018

(Tal i mill. kr)	Foreiningsbingo	Radio/TV	Sum
Brutto omsetning	52 mill kr	61 mill kr	113 mill kr
Gevinst	35 mill kr	29 mill kr	64 mill kr
Netto omsetning	17 mill kr	32 mill kr	49 mill kr
administrativ kostnad	6 mill kr	3 mill kr	10 mill kr
overskot til formål	11 mill kr	29 mill kr	40 mill kr
Berekna del til formåla av netto omsetning	62 %	90 %	80 %
Gevinstprosent	67 %	47 %	56 %

Brutto omsetning for bingo utan entreprenør var på 113 millionar kroner i 2018, fordelt på høvesvis 52 millionar kroner for foreiningsbingo og 61 millionar for radio/TV-bingo. Total omsetning er litt redusert frå 118 millionar i 2017. Brutto omsetning er redusert med 6 millionar for foreiningsbingo og auka med ein million for Radio/TV-bingo.

Beløp som er rapportert til formål er for ein del bingo-løyve det same talet som for netto omsetning. Reelt beløp til formålet vil dermed være noko lågare enn det som kjem fram her.

# 7.

## Andre lotteri

I tillegg til bingo har vi for 2018 registrert om lag 2 700 ulike lotteri.

Dei fleste lotteria er lokale og små, medan det er landsdekkjande lotteri som har det meste av omsetninga. Her viser vi tal for landslotteria, lotteria etter § 7 i Lotterilova, mindre lokale eller regionale lotteri og nøkkeltal frå Poker-NM.

### Landslotteri

Landslotteri er landsdekkjande.

For 2018 har vi fått innrapportert 33 lotteri. I 2017 var talet 34.

#### Landslotteri - nøkkeltal år 2018

Loddsal/	146 mill kr
Gevinstkostnad	19 mill kr
Netto omsetning	127 mill kr
administrative kostnader	72 mill kr
overskot til formåla	56 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	38 %
Formåla sin del av netto omsetning	44 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	13 %

Total omsetning var 146 millionar kroner.

Samla gevinstkostnad i 2018 var 19 millionar. Dette er kostnader med gevinstane, og treng ikkje vere gevinstane sin verdi for vinnarar. Til dømes er eventuelle rabattar trekte frå. Administrative kostnader utgjorde 72 millionar.

Overskotet til organisasjonane var 56 millionar. Dette utgjorde 38 prosent av brutto – og 44 prosent av netto omsetning.

Merk at tal for landslotteri for 2018 ikkje kan samanliknast med tidlegare år. Dette er fordi lotteri etter paragraf 7 i lotterilova no blir presentert for seg, medan dette tidlegare var presentert i lag med landslotteri, for 2017 gjaldt dette Pantelotteriet og UNICEF-lotteriet.

Landslotteri blir selde på ulike måtar, m.a. gjennom abonnement, telemarketing (TM), direkte post (DM) og medlemsal. Eit lotteri kan ha fleire salskanalar.

## Fordeling av brutto omsetning og inntekt til formåla

Kategori <sup>35</sup>	Brutto oms. (mill.)	Overskot (mill.)	Del av samla brutto oms.	Del av samla overskot	Prosent overskot av brutto oms.
Idrett	17,6	12,8	12 %	23 %	73 %
Helse	81,5	24,7	56 %	45 %	30 %
Musikk, kultur og fritid	5,2	3,9	4 %	7 %	75 %
Humanitær	32,5	10,1	22 %	18 %	31 %
Diverse	8,9	4,0	6 %	7 %	45 %
Totalt	145,6	55,5	100 %	100 %	33 %

Helseorganisasjonar har størst omsetning og totalt 56 prosent av heile marknaden.

## Fordeling av netto omsetning

Kategori	Netto oms. (mill.)	Adm. kostn. (mill.)	Overskot (mill.)	Adm. kostn. av netto omsetning	Overskot av netto omsetning
Idrett	16,2	3,4	12,8	21 %	79 %
Helse	68,4	43,7	24,7	64 %	36 %
Musikk, kultur og fritid	4,6	0,7	3,9	15 %	85 %
Humanitær	29,9	19,9	10,1	66 %	34 %
Diverse	7,9	3,9	4,0	50 %	50 %
Totalt	127,0	71,5	55,5	56 %	44 %

Administrative kostnader utgjorde 72 millionar kroner. Dette var kostnader knytt til lotteria, anten i eigen organisasjon eller som honorar/provisjon til profesjonelle operatørar. Her inngår difor kostnader m.a. til marknadsføring, telefonsal etc., men ikkje gevinstkostnader.

Av landslotteria er det berre Landsforeningen for hjerte- og lungesyke sitt eige lotteri som har ei omsetning over 10 millionar kroner. I 2018 omsette LHL sitt lotteri for 53 millionar mot 55 millionar i 2017.

## Større lotteri etter § 7 i Lotterilova

Dette er lotteri som kvar kan ha ei årleg omsetning på inntil 300 millionar kroner.

I 2018 var det total fem slike lotteri. Fleire av dei fem er i ferd med å lansere seg, medan særleg eitt lotteri er godt innarbeidd i den norske marknaden. Det største lotteriet i 2018 er Pantelotteriet. Dette har vore i marknaden i mange år og hadde ei brutto omsetning på 144 millionar. Det nest største var Postkodelotteriet. Dette kom i gang hausten 2018 og nådde ei omsetning på 16 millionar. Unicef-lotteriet hadde nær 2 millionar. Dei to siste lotteria hadde mindre omsetning.

35 Liste over organisasjonane i vedlegg.



## § 7 – lotteri, nøkkeltal år 2018

Loddsal	163 mill kr
Gevinstkostnad	59 mill kr
Netto omsetning	104 mill kr
administrative kostnader	49 mill kr
overskot til formåla	55 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	34 %
Formåla sin del av netto omsetning	53 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	36 %

Organisasjonane som har inntekter frå desse lotteria er Norges Røde Kors (Pantelotteriet), WWF Norge og SOS-Barnebyer Norge (Postkodelotteriet), Unicefkomiteen Norge (Unicef-lotteriet), Regnskogsfondet, Caritas Norge og Utviklingsfondet (frå Norgeslotteriet<sup>36</sup>) samt Right to Play (FotoLotto).

Frå vår kategorisering av formål har 53 millionar gått til organisasjonar i kategorien Humanitær, medan 2 millionar går til miljøorganisasjonar som fell inn under kategorien Diverse.

## Lokale/regionale lotteri

Til saman vart det arrangert om lag 2 682 lokale og regionale lotteri i 2018. 2 614 var meldingslotteri og i tillegg har 68 lotteri fått løyve<sup>37</sup>. Viser til vedlegg for berekning av omsetning og estimat for meldingslotteri.

## Lokale/regionale lotteri - estimerte nøkkeltal år 2018

Estimert brutto omsetning (runda opp til næraste 10 mill)	160 mill kr
Gevinstkostnad	40 mill kr
Netto omsetning	120 mill kr
administrativ kostnad	10 mill kr
overskot til formåla	110 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	69 %
Formåla sin del av netto omsetning	92 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	25 %

Ikkje alle lotteri har gevinstkostnader, mellom anna fordi gevinstar er gitt som gåver.

<sup>36</sup> Blir relansert i 2019 under namnet Klimalotteriet.

<sup>37</sup> Arrangør av lotteri med omsetning opp til kroner 200 000,- per år treng ikkje løyve, men melder frå til Lotteritilsynet. Lotteri med omsetning over kroner 200 000,- treng løyve frå Lotteritilsynet.

## Poker-NM

Norgesmeisterskapen i poker vart for fjerde gong arrangert i Norge i 2018.

### Poker-NM, nøkkeltal år 2018

Brutto omsetning (deltakaravgift)	21 mill kr
Gevinstkostnad	18 mill kr
Netto omsetning	3 mill kr
administrativ kostnad	2 mill kr
overskot til formål	1 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	5 %
Formåla sin del av netto omsetning	33 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	85 %

Det var Gynkreftforeningen som mottok formålsandelen frå Poker-NM i 2018.

## 8.

## Spel på skip mellom norsk og utanlandsk hamn

Spel på norske skip som går i rute mellom norske og utanlandske hamner er regulert etter forskrift frå 1. januar 2009. Av netto omsetning skal 20 prosent gå til lotteriverdige organisasjonar. I praksis er det Color Line sine seks skip i rute mellom norsk og utanlandsk hamn som blir regulert etter denne forskrifta. Om bord på skipa er der to typar spel: Automatar og spelebord. Spelebord er BlackJack og rulett.

Norske og utanlandske passasjerar spelte i 2018 for 566 millionar om bord i desse skipa. Det meste vart spelt på automatar, men 10 prosent vart satsa ved spelebord.

## Spel på skip – nøkkeltal 2018

Brutto omsetning <sup>38</sup>	
Automatar	509,3 mill kr
Spelebord	56,3 mill kr
Totalt	565,6 mill kr
Utbetalt gevinst	
Automatar	443,0 mill kr
Spelebord	37,9 mill kr
Totalt	480,9 mill kr
Total netto omsetning	
	84,7 mill kr
administrativ kostnad	67,7 mill kr
overskot til formåla	17,0 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	3 %
Formåla sin del av netto omsetning	20 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	85 %

17 millionar var fordelt til 61 ulike organisasjonar som etter vår kategorisering av formål fell inn i følgjande kategoriar:

Formål	Mill. kr	Prosent
Idrett	13,4	79 %
Helse	0,1	1 %
Musikk/kultur/fritid	1,7	10 %
Humanitær	0,6	3 %
Diverse	1,2	7 %
Totalt	17,0	100 %

<sup>38</sup> Brutto omsetning for automatar er det totale beløpet det er spelt for, både det som er lagt på automatar av fysiske pengar og spel av gevinstar som ikkje først er utbetalte. For spelebord er brutto omsetning talet på sjetongar som er kjøpt.

## English summary

In 2018 the turnover in the Norwegian gaming and lottery market amounted to NOK 46.5 billion. Out of this, the players collected NOK 36.1 billion in prize money.

This left an expenditure of NOK 10.5 billion to be distributed among the market participants, i.e. operators, entrepreneurs, site owners, agents, as well as associations and organisations.

The turnover increased from NOK 43.7 billion in 2017.

### Key figures in the gaming market in Norway

Year 2018	Million			
	NOK	EUR <sup>39</sup>		
Gross turnover (total wagered)	46 548	4 851		
Prizes	36 068	3 759		
Net turnover (expenditure/loss)	10 480	1 092		

Year 2018	Amount wagered		Expenditure	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per capita <sup>40</sup>	8 763	913	1 973	206
Per capita, 18 years and older	11 120	1 159	2 504	261
Per household <sup>41</sup>	19 016	1 982	4 281	446
Percentage of disposable income <sup>42</sup>		3.18 %		0.72 %

On average, each Norwegian citizen (young or old) wagered NOK 8,763 in 2018.

After deduction of prizes, each Norwegian citizen spent NOK 1,973. This amounts to 0.7 % of the disposable income per household.


<sup>39</sup> Average rate of exchange 2018 as determined by Norges Bank: 9.5962.

<sup>40</sup> Average population as determined by Statistics Norway.

<sup>41</sup> The average number of persons per household is 2.17. (Figures from Statistics Norway)

<sup>42</sup> Statistics Norway, (SSB): Disposable income NOK 1,465,029 million.

## The Norwegian gaming market - gross turnover (sales) in 2018, total NOK 46 548 million



The largest amount wagered was on games provided by Norsk Tipping, i.e. approximately NOK 38.1 billion (of this 9.0 billion on IVTs and 13.9 billion on interactive online games<sup>43</sup>). Norwegians wagered NOK 3.61 billion on horse racing through Norsk Rikstoto.

Land based bingo and lotteries make up the private sector of the market. Bingo had a turnover close to NOK 3.8 billion, with entrepreneur bingo accounting for the major portion at NOK 3.65 billion. Also included here are side games (electronic<sup>44</sup> and paper). Non-entrepreneur bingo is NOK 113 million.

Among the lotteries, five licensed and the nationals have the highest turnover at NOK 308 million. For the other lotteries, we stipulate a turnover of NOK 160 million.

In 2018 the Norwegian championship in tournament poker (*Poker-NM*) took place in Norway for the fourth time. The total fee paid by the participants amounted to NOK 21 million.


On Norwegian ships, sailing in route traffic to foreign harbours it was wagered NOK 566 million in 2018<sup>45</sup>.

43 Gross gaming revenue (turnover after prizes are paid out) for IVTs is NOK 692 million, and NOK 835 million on online Casino, online Scratch games and online Bingo.


44 Bingo machines

45 For table games the value of chips purchased. For slot machines the total value of all games played.

The Norwegian gaming market 2018, market shares of gross turnover (sales)



The Norwegian gaming market 2018, market share of gross gaming revenue (GGR)



# 10. Vedlegg

## Om talmaterialet

Talmaterialet i rapporten bygger hovudsakleg på tal rapportert frå operatørar og entreprenørar i marknaden.

Tal frå Norsk Tipping er for det meste henta inn frå Norsk Tipping, medan fordelinga av idretten og delar av kulturformåla sine tippemidlar kjem frå Kulturdepartementet. Fordelinga av formålsmidlane til Stiftelsen Dam er oppgitt av stiftelsen sjølv.

Bingoentreprenørar har rapportert sine tal til Lotteritilsynet og vi har registrert tala i Lotteriregisteret. For landslotteri og større lotteri bygger talmaterialet på rekneskap frå organisasjonane sjølve.

For mindre lokale og regionale lotteri er omsetningstala vi presenterer estimat som Lotteritilsynet sjølv har gjort. Utgangspunktet er rekneskapsopplysningar for 2018.

Nedanfor viser vi nærare korleis ulike utrekningar er gjort for dei spel og lotteri der vi ikkje har fullstendig informasjon.

## Kategorisering av formål

### Idrett/sport

Lokale idrettslag, generelle idrettsorganisasjonar, og meir administrative idrettssamanslutningar, f eks Aksla Idrettslag, Alta Idrettsforening og Sogn og Fjordane Idrettskrins. Særforbund innan idrett, uavhengig av om dei er lokale eller nasjonale, f eks Ankenes Skiklubb og Norges Friidrettsforbund.

### Helse

Organisasjonar og foreiningar som naturleg fell inn under denne kategorien, f eks Bergen Døveforening, Den norske kreftforening og Norges Handikapforbund.

### Musikk/ kultur/ fritidsorganisasjonar

Alle musikkorps, kor, sogelag, jeger-og fiskeforeiningar, velforeiningar, 4H klubbar, ungdomslag og pensjonistforeiningar m.m..

### Humanitær verksemd

Bl.a. Røde kors, Redningsselskapet, Care Norge, Lions, Flyktningerådet, Redd Barna og liknande.

### Diverse organisasjonar

“Særorganisasjonar” eller interessesamanslutningar som ikkje naturleg fell inn under gruppene over, som til dømes NAF motorsport, miljøvernorganisasjonar, dyrevern, menneskerettighetsgrupper, politiske parti eller namn/organisasjonar som ikkje let seg klassifisere.

Vi har også brukt ICNPO-kodane til organisasjonane for å gruppere til desse kategoriane.

## Landslotteri 2018 – organisasjonane i dei ulike kategoriane

Idrett	<ul style="list-style-type: none"> <li>Det frivillige Skyttervesen</li> <li>Norges Badmintonforbund</li> <li>Norges Fotballforbund (2 lotteri)</li> <li>Sportslotteriet <sup>46</sup> (2 lotteri)</li> </ul>
Helse	<ul style="list-style-type: none"> <li>Diabetesforbundet</li> <li>Foreningen for Muskelsyke</li> <li>Hørselshemmedes Landsforbund</li> <li>Landsforeningen for hjerte og lungesyke</li> <li>Landsforeningen Uventet Barnedød</li> <li>MS- forbundet</li> <li>Nasjonalforeningen for folkehelsen</li> <li>Norges Astma- og Allergiforbund</li> <li>Norges Handikapforbund</li> <li>Norsk Cøliakiforening</li> <li>Norske Kvinners Sanitetsforening</li> <li>Organisasjonen Voksne for Barn</li> <li>Psoriasis- og eksemforbundet</li> <li>Stoffskifteforbundet</li> <li>VinnVinn Hesteko<sup>47</sup></li> </ul>
Musikk, kultur og fritid	<ul style="list-style-type: none"> <li>4H Norge</li> <li>Norges Musikkorps Forbund</li> </ul>
Humanitær	<ul style="list-style-type: none"> <li>Adopsjonsforum</li> <li>Norges Livredningsselskap</li> <li>Norsk Folkehjelp</li> <li>Redningsselskapet</li> <li>Stiftelsen Flyktninghjelpen</li> <li>VinnVinn Hesteko</li> </ul>
Diverse	<ul style="list-style-type: none"> <li>Den indre sjømannsmisjon</li> <li>Den Norske Israelmisjonen</li> <li>MA - rusfri trafikk</li> <li>Noregs Mållag</li> <li>Sjømannskirken / Norsk kirke i utlandet</li> </ul>

<sup>46</sup> Sportslotteriet omfattar lotteriløype for Norges Bandyforbund, Norges Basketballforbund, Norges Bokseforbund, Norges Bordtennisforbund, Norges Bowlingforbund, Norges Danseforbund, og Norges Gymnastikk- og Turnforbund.

<sup>47</sup> VinnVinn Hesteko omfattar Kreftforeningen, LHL, Norges Handikapforbund og Redningsselskapet.



Tilskot til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar,  
frå Norsk Tipping overskot i 2018 - utbetalt etter søknad i 2019

ADHD Norge	1 971 834
Barnekreftforeningen	4 506 127
Blå Kors Norge	7 210 495
Brystkreftforeningen	1 333 766
Cerebral Parese-foreningen	2 402 014
Den Norske Turistforening	16 633 005
Diabetesforbundet	7 834 734
Dysleksi Norge	1 423 843
Forandringsfabrikken stiftelse	2 043 121
Foreningen for hjertesyke barn	3 168 362
Framtiden i våre hender	3 948 644
HLF Hørselshemmedes Landsforbund	10 655 675
IOGT i Norge	3 227 862
Kirkens SOS	3 334 315
Kreftforeningen	68 169 643
Landsforeningen for hjerte og lungesyke	20 909 719
Landsforeningen Uventet BARNEDØD	1 362 409
Mental Helse	8 238 132
MS-forbundet	1 916 414
Nasjonalforeningen for folkehelsen	21 643 557
Norges Astma-og Allergiforbund	4 442 745
Norges Blindeforbund	27 974 547
Norges Døveforbund	2 094 772
Norges Handikapforbund	6 064 132
Norges Jeger og Fiskerforbund	12 504 964
Norges Livredningsselskap	1 346 134
Norges Naturvernforbund	4 800 815
Norges Parkinsonforbund	2 256 017
Norsk cøliakiforening	1 813 005
Norsk Epilepsiforbund	1 579 618
Norsk Forbund for Utviklingshemmede	2 045 831
Norsk Revmatikerforbund	4 984 728
Norske Kvinners Sanitetsforening	10 915 983
Norske Redningshunder	2 156 157
Organisasjonen Voksne for Barn	4 213 033
Psoriasis- og eksemforbundet	1 348 755
ROS - Rådgivning om spiseforstyrrelser	1 685 118
Stiftelsen Kirkens Bymisjon Oslo	57 355 276
Stiftelsen Livsglede for Eldre	1 718 616
Stiftelsen Norsk Luftambulans	30 948 388
<b>Totalt</b>	<b>374 182 305</b>

## Berekening for lokale/regionale lotteri


For 2018 reknar vi med følgjande nøkkeltal:

	Meldingslotteri <sup>48</sup>	Lotteri med løyve <sup>49</sup>		
Brutto omsetning i snitt	48 000	430 000		
Samla gevinstprosent (kostnad)	20 %	40 %		
Overskot av brutto omsetning	79 %	55 %		
Tal meldingar/ løyve	2 614	68		
<b>(Beløp i mill. kroner)</b>			<b>Totalt</b>	<b>Avrunda</b>
Estimert brutto omsetning	125 mill	29 mill	154 mill	160 mill
Estimert gevinst	25 mill	12 mill	37 mill	40 mill
Estimert netto omsetning	100 mill	17 mill	118 mill	120 mill
Estimert overskot til formåla	99 mill	16 mill	115 mill	110 mill
Estimert brutto omsetning år 2018 *		160 mill		
- Gevinst *		40 mill		
= Netto omsetning		120 mill		
administrativ kostnad		10 mill		
= overskot		110 mill		
Formåla sin del av brutto omsetning		69 %		
Formåla sin del av netto omsetning		92 %		
Gevinstkostnad av brutto omsetning		25 %		

\*) Avrunda beløp er runda opp til næraste 10 mill.

48 Gjennomsnittleg loddosal frå 1 297 rekneskap registrert av Lotteritilsynet var for 2018, kr 47 926  
Gevinstprosent og prosent til formål er beregnet på grunnlag av rapporterte tal i 2018 og tidlegare.

49 Gjennomsnittlege tal frå rekneskap for alle 68 lotteri med løyve for 2018, kr 427 792,-



Lotteri- og  
stiftelsestilsynet

Storehagen 1B - Postboks 800, 6805 Førde

Tlf.: 57 82 80 00

[postmottak@lottstift.no](mailto:postmottak@lottstift.no)

[lottstift.no](http://lottstift.no)

